

Kan tare bli berginga?

Forsök med tare- og skjeloppdrett saman med lakseoppdrett viser at det gir både reinare lakseanlegg og friskare laks.

MILJØ. Prinsippet bak er enkelt og naturleg. Det nokre i naturen gir frå seg, det kan andre bruke.

Måndag vert det arrangert seminar om integrert akvakultur på Runde miljøsenter.


Thierry Chopin kjem frå Canada for å fortelje om erfaringane dei har der. Det same gjer noko meir kortreiste folk frå Solum der ein har prøvd integrert oppdrett på norske anlegg. Folk frå Sintef, Havforskningsinstituttet og Møreforskning Marin er også med.

Oppdrettsnæringa har sine utfordringar med miljøet. Integrert akvakultur prøver å gi løysingar på utfordringane.

Bruker overflødig for. Anne Lise Chapman ved Runde miljøsenter var i går i Trondheim på eit tilsvarende seminar som skal vere på Runde på måndag. Ho fortel at i Canada har dei oppnådd friskare laks og laks som er mindre utsett for virus ved å dyrke blåskjel saman med fisken. Ved å dyrke algar, eller tare, og skaldyr saman med oppdrettsanlegga skal dei også ta unna overflødig for frå oppdrettsanlegga.

Ved Runde miljøsenter ser dei føre seg at temaet bør vere interessant sjølvsgåt for dei som driv med lakseoppdrett, men også for mange fleire.

Mellom anna vil oppdrett på ein slik måte krevje utvikling av teknologi, alt frå potensielle gründerar til etablert utstyrslleverandørar kan finne muleheter her. Integrert akvakultur vil også vere ein ny tanke for alle som driv forvaltning og politikk rundt oppdrett.



REINSING. Oppdrettsanlegg kan føre til overgjødsling av fjordar, men det kan vere ei lysning i det fjerne. Ved å plante tare i og ved anlegga, kan ein oppnå ein reinseffekt.

ILLUSTRASJONSFOTO: KNUT ARNE AARSET



SEMINAR. Anne Lise Chapman ved Runde miljøsenter håper det kjem mange til seminaret måndag.

Tare til så mangt. Men med planting og oppdrett av tare i og ved sidan av merdar, vil det sjølvsgåt bli meir tare.

Job Shipper kjem frå Nederland for å snakke om tare sine muleheter også i Europa.

Gjennom tidene har tare vore og er framleis viktig mat i Kina. Og ein ser ein tendens til at tare og sjøalgar vert meir aktuelt som mat også i Europa, og dei som deltek på middagen under seminar vil få servert tare.

Men taren vert også brukt innan kosmetikk og farmasi. Dessutan kan taren by på nye muleheter innan energi som for eksempel bruk til biodrivstoff.

– Men er det ingen ulemper ved denne metoden?

– Det må vere utfordringa med korleis ein får det til i praksis, seier Anne Lise Chapman.

Men legg til at det som skjer i integrert akvakultur er meir ein metode der ein kjem nærmere til kva det som skjer i naturen.

– Og det er naturen som kan det best.

Det er naturen som kan det best

ANNE LISE CHAPMAN

TORILL MYREN
torill.myren@smp.no

Bygda i fokus i Stranda

HELLESYLT. Det blir samling for bygdemobiliseringsbygder på Hellesylt og Stranda 24. og 25 september.

Fylkesmannen, hoppid.no og Møre og Romsdal fylkeskommune arrangerer årleg ei samling for kommunar som er involverte i bygdemobiliseringsprosjekt.

I år er denne konferansen lagt til Hellesylt og Stranda.

Innleiarar er professor Jørgen

Amdam, landbruksdirektør Anne Berit Løset, prosjektleiar Vegar Bollingmo, medierådgjevar Oddbjørg Aasen Bjørdal, prosjektleiar Håkon Fredriksen, Frits Inge Godø frå Midsundfestivalen, rådgjevar Ragnhild Godal Tunheim, bygdemobiliserar Marit-Solveig Finset i Eiksdal, Marianne Solbakken frå distriktsenteret i Steinkjer, og Eivind Vartdal Ryste, som arbeider med næringsutvikling og

kompetansetiltak i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Samlinga finn stad både på Hellesylt og på Stranda.

TERJE ENGÅS
terje.engas@smp.no

DIREKTØR. Anne Berit Løset er landbruksdirektør i Møre og Romsdal.



Doping fra Kina

BOT. En mann i Rauma har fått 3.500 kroner i bot for ulovlig innførsel av veksthormoner fra Kina. Postpakka inneheldt 50 ampuller av det ulovlige dopingmiddelet.


Tok seks førerkort

POLITI. Det råkjøres fortsatt i Fræna i Romsdal. Det ble stadsfesta sist helg da politiet beslagla hele seks førerkort i en og samme kontroll. Den ene bilføreren, en ung moldenser, hadde kjørt opp til førerprøven dagen før.

Frårår privatskular i Sykkylven

SYKKYLVEN. Både i Hundedvik og i Velledalen er det sendt inn søknad om å få starte opp privatskular. Men no rår Sykkylven kommune departementet til å seie nei til søknadene.

I eit brev til departementet skriv Sykkylven kommune at det ut frå skulefaglege omsyn ikkje er behov for desse skulane. Dessutan er det eit økonomisk spørsmål, fordi dei vil påverke skulestrukturen i kommunen og dei politiske vedtak som er gjort.



Liabygda-øl vert lagt merke til

LIABYGDA. Ølet til Trollbrygget i Liabygda når lenger ut enn berre Sunnmøre.

No har også det nederlandsk «Pint», bladet for ølntytarar, oppdagat ølet.

I ein artikkel i siste utgåve av «Pint» får det vesle bryggeriet, som vert driven av Jørund Ringset og Kjartan Lied positiv omtale.

Journalist er Frits van Seben, som sjølv har smakt på ølet.

Bileta til artikkelen er henta frå Sunnmørsposten.

Glamox selger datterselskap

MOLDE. Glamox har solgt datterselskapet Burton Medical Products. Selskapet har spesialisert seg på leveranser av medisinsk belysning, hovedsakelig for det nordamerikanske markedet.

– Vi selger Burton fordi deres produkter og kundegrupper har lite til felles med resten av Glamox og selskapet ligg langt fra vår øvrige virksomhet i Europa, sier konsernsjef Kjell Stammes.

Kjøper av Burton er Philips Electronics.